

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016

**Natalie Golis (MDG)** sette fram slik protokollmerknad:

«MDG vil komme tilbake til saka under handsaming av Handlingsprogrammet i FUV grunna m.a. budsjettkonsekvensar og naudsynte prioriteringar.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

2. «Fylkestinget vil be om at vedteken politikk om kollektivfelt på 4-felts innfartsårer vert omtalt i Handlingsprogrammet. Fylkestinget 2015 bad om ein plan for gjennomføring og ber om at dette vert inkludert i handlingsprogrammet, og at innføring av dette blir ein del av byggeprogrammet for Bergensprogrammet for 2017 og prosessen med forhandlingar om ny bymiljøavtale.
3. Fylkestinget meiner at ei styrking av kollektivtilbodet er viktig. Fylkestinget vedtok i desember 2015 at bompengteinntekter skal bidra til drift av kollektivtransport. Fylkestinget etterspør status for dette, då tilstrekkeleg bompengteinntekter vil vere avgjerande for å oppretthalde eit godt kollektivtilbod.»

### Røysting

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2017-2020 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
2. Fylkestinget vil be om at vedteken politikk om kollektivfelt på 4-felts innfartsårer vert omtalt i Handlingsprogrammet. Fylkestinget 2015 bad om ein plan for gjennomføring og ber om at dette vert inkludert i handlingsprogrammet, og at innføring av dette blir ein del av byggeprogrammet for Bergensprogrammet for 2017 og prosessen med forhandlingar om ny bymiljøavtale.
3. Fylkestinget meiner at ei styrking av kollektivtilbodet er viktig. Fylkestinget vedtok i desember 2015 at bompengteinntekter skal bidra til drift av kollektivtransport. Fylkestinget etterspør status for dette, då tilstrekkeleg bompengteinntekter vil vere avgjerande for å oppretthalde eit godt kollektivtilbod.

### Protokollmerknad frå MDG

MDG vil komme tilbake til saka under handsaming av Handlingsprogrammet i FUV grunna m.a. budsjettkonsekvensar og naudsynte prioriteringar.